



## BLI MED PÅ DEN KULASTE LESEKAMPANJEN I SOMMAR!

Frå **1. juni til 31. august** kan du som går i 1. til 7. klasse, delta på **Sommarles.no**. **Sommarles** gjer lesing endå kjekkare! Du lagar ein profil på **Sommarles.no**, registrerer bøker, får lesetips, løyser oppgåver og følger med på kva vennene dine les. Her kan du også lese ei superspennande forteljing, skriven av forfattar Mari Moen Holsve. Har du ikkje tilgang til nett, kan du delta med eit lesekort.

**Sommarles** er for alle. For kvar bok du legg inn, får du XP (poeng) og går opp i level. Du kan lese vanlege bøker, e-bøker, lydbøker, teikneseriar, eller nokon kan lese høgt for deg - all lesing tel.

Og sjølvsagt har vi premiar! Når du legg inn bøker, får du digitale trofé til profilen din på nettsida. Når du kjem til level 10, 20, 30 og 40 får du også premiar som du kan tinga på biblioteket og få utlevert.

Du kan henta premie ved utleveringsstadane som biblioteket har i kommunen. Det vil seie: Joker Vikedal, Shell Sandeid, Shell Knapphus, Frøken Fryd, Joker Vikebygd samt ved hovuddøra til Vindafjord bibliotek. Når ein er logga inn på Sommarles.no er det høve til å sende melding til biblioteket for å tinga. Ein kan også ta kontakt via telefon og e-post.



Level 10: **Armband**

Level 20: Val mellom **armband**, **viskelær** eller **spå**

Level 30: Val mellom **armband**, **viskelær** eller **spå**

Level 40: Ein er med i trekking av **gåvekort** frå Ølen bok og papir. Vinn ein ikkje eit slikt, kan ein velje seg ein valfri premie.

